



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 30.10.2024
Møtetid: 13:00 -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretariat

Kommunedirektør

Kommunalsjef Samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Leiar for økonomikontoret

Kommunalsjef for oppvekst og kultur, Leiar for kultur

Ekstra informasjon til møte:

Orientering: økonomiplan 2025-2028

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
RS 18/24	Orientering: Økonomiplan 2025-2028
PS 58/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 59/24	Godkjenning av møtebok 11.09.2024
PS 60/24	Referatsaker og meldinger
RS 19/24	Tertialrapport 2. tertial 2024
RS 20/24	Utviding av IKTNH med tre nye deltakarkommunar
PS 61/24	Høyring av nedlegging av Fotlandsvåg skule
PS 62/24	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO
PS 63/24	Medlemskap i kulturverntenesta
PS 64/24	Eigarskapsmelding idrettsanlegg
PS 65/24	Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025
PS 66/24	Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføremål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov
PS 67/24	Søknad om kjøp av tomt
PS 68/24	Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor
PS 69/24	Svar på høyring om "Samlingssentrum"
PS 70/24	Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028
PS 71/24	Delegering av mynde etter rettspleielovene
PS 72/24	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordfører

RS 18/24 Orientering: Økonomiplan 2025-2028

Økonomiplan 2025-2028 vert tekne til vitande.

PS 58/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 58/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kim Andre Hartveit (FRP) melder om spørsmål til slutten av møtet ang Tysse skule.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 58/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og møtebok vert godkjend.

PS 59/24 Godkjenning av møtebok 11.09.2024

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 59/2024 Godkjenning av møtebok 11.09.2024:

Alexsander Thunestvedt (AP) hadde slik merknad: Det kjem ikkje tydelig nok fram i protokollen kva som vart vedteke. Ber om at administrasjonen går gjennom protokollen og får tydeleggjort og retta alle feil.

Kommunedirektør svarar: Me skal ta ein gjennomgang med sekretariatet.

Kim Andre Hartveit (FRP) hadde slik protokollmerknad:

Protokol til ps 59/24 møtebok.

I protokollen står det at kim andre hartveit ville diskutere rykter om narkotika bruk ved osterøy ungdomskule. Da eg tok opp saka blei eg møtt med at eg ikkje måtte høyra på rykter

og at foreldra skjølv måtte ta tak i saka om dei viste noko, eg blei møtt av ordfører og rådmann på ein sånn måte at dei ikkje viste at det var noko problemer med narkotikabruk.

I etter tid kom det lesar innlegg på facebook frå Jo Solberg som også blei gjengitt i bygdanytt. Som kommentar frå kommunen stod det

"vi fått tilbakemelding frå tenestene om at ein opplever auka rusbruk blant ungdom i sommar. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som gjer vurderingar om korleis vi kan følgje dette opp med informasjon til elevar på ungdoms-, vidaregåande skule og foreldre/føresette."

Forslag: eg ber om at rådmann/ordfører holder ei orientering i heradstyret om narkotika problema me har med ungdomane våre i kommunen, og den bør vera rett og ikkje som på forrige formannskapsmøte.

Formannskapet vedtok at møtebok 11.09.2024 vert sendt tilbake til sekretariatet. Ved neste møte vil Formannskapet ta stilling til om den skal godkjennast.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 59/2024 Godkjenning av møtebok 11.09.2024:

Møtebok 11.09.2024 vert sendt tilbake til sekretariatet.

Ved neste møte vil Formannskapet ta stilling til om den skal godkjennast.

PS 60/24 Referatsaker og meldingar

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 60/2024 Referatsaker og meldingar:

Turid Njåstad (SP): Osterøy kommune er ein stor skogeigar, er dette noko me få inntekter av?

Kommunedirektøren gav slikt svar: Me er allereie i kontakt med fleire firma for å utarbeide ein plan for avvirking av skog.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 60/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakane vert teken til vitande.

PS 61/24 Høyring av nedlegging av Fotlandsvåg skule

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 61/2024 Høyring av nedlegging av Fotlandsvåg skule:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret sender saka; Høyring av nedlegging av Fotlandsvåg skule på høyring med høyringsfrist 29.11.2024.

Alexsander Thunestvedt (AP) sette fram slikt framlegg:

Dokumentet vert ikkje lagt ut på høyring

Avrøysting:

Alexsander Thunestvedt sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 61/2024 Høyring av nedlegging av Fotlandsvåg skule:

Dokumentet vert ikkje lagt ut på høyring

PS 62/24 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 62/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefelleskap.

Avrøysting

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 62/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO:

Osterøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefelleskap.

PS 63/24 Medlemskap i kulturverntenesta

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 63/2024 Medlemskap i kulturverntenesta:

Føljande spørsmål vart stilt administrasjon:

1. Er dette ei lovpålagt teneste?
2. Er det ei rimelegare løysning å gå inn i kulturverntenesta?
3. Kor mykje kan kommunen spare på å bruke 90.000 kr på eit medlemskap?

Administrasjon ønskjet å svare Formannskapet skriftleg.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN). Fram til dette er avklart, går Osterøy kommune inn i avtalen som Museumssentra i Hordaland og fleire andre kommunar har med Vestland fylke om kulturverntenesta.

Kim Andre Hartveit (FRP) sette fram slikt framlegg:

osterøy komunne vert ikkje Medlem i kulturverntenesta

Avrøysting:

Det vart bede om punktvis votering over kommunedirektøren sitt framlegg.

Punkt 1: Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med

Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN).

Samrøystes vedteke

Punkt 2: Fram til dette er avklart, går Osterøy kommune inn i avtalen som Museumssentra i Hordaland og fleire andre kommunar har med Vestland fylke om kulturverntenesta.

Røysta for: 2 SP, 2 AP, 1 H.

Røysta mot: 2 FRP

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 63/2024 Medlemskap i kulturverntenesta:

Osterøy kommune/Osterøy heradsstyre ber Regionrådet vurdere å inngå avtale med Vestland fylke og Museumssenteret i Hordaland (MuHo) om kulturverntenesta (KIN).

Fram til dette er avklart, går Osterøy kommune inn i avtalen som Museumssentra i Hordaland og fleire andre kommunar har med Vestland fylke om kulturverntenesta.

PS 64/24 Eigarskapsmelding idrettsanlegg

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 64/2024 Eigarskapsmelding idrettsanlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at eigarskapsmeldinga vert vedteken slik det ligg føre med alternativ 1 som modell for eigarskap av anlegg:

«Anlegga vert eigd, drifta og forvalta av frivillig lag eller organisasjon. Vilkår for at grunnen vert leigd ut, er at det vert gjeve tilgang til idrett- friluftslivs- og undervisningsformål.

Økonomisk støtte frå kommunen vert gitt som leigeinntekter etter avtale. Dette inneber leige til undervisningsformål og til ålment bruk».

Ein arbeider vidare med avklaring av økonomiske støtteordningar.

Alexsander Thunestvedt (AP) sette fram slikt framlegg:

Punkter

Saken verdt sendt tilbake til administrasjonen for kvalitetssjekk.

Samstundes ber formannskapet om informasjon om følgjande punkt

- Betaler kommunen leige til fleire idrettsanlegg enn Fugledalen?
- Risikovurdering knytt til at idrettsanlegga skal stå som eigar. (Risikerer me på nokon måte at me mister idrettsanlegga ved bortfall av lag og organisasjonar)
- Vil me pådra oss kostnader i prosessessen med å endre eigarskap
- Ei vurdering av om det er hensiktsmessig å skilje mellom sentralanlegg (Friidrettsanlegget på Hatland og Osterøyhallen) og andre anlegg.
- Korleis er situasjonen med forsikring av anlegga i dag?

Avrøysting:

Framlegg frå Alexander Thunestvedt vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 64/2024 Eigarskapsmelding idrettsanlegg:

Saken verdt sendt tilbake til administrasjonen for kvalitetssjekk.

Samstundes ber Formannskapet om informasjon om følgjande punkt

- Betaler kommunen leige til fleire idrettsanlegg enn Fugledalen?
- Risikovurdering knytt til at idrettsanlegga skal stå som eigar. (Risikerer me på nokon måte at me mister idrettsanlegga ved bortfall av lag og organisasjonar)
- Vil me pådra oss kostnader i prosessessen med å endre eigarskap
- Ei vurdering av om det er hensiktsmessig å skilje mellom sentralanlegg (Friidrettsanlegget på Hatland og Osterøyhallen) og andre anlegg.
- Korleis er situasjonen med forsikring av anlegga i dag?

PS 65/24 Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 65/2024 Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025:

Ordførar sette frem slikt framlegg:

Formannskapet sender saka tilbake.

Prioritering av ei evt. miljøgate vil me koma attende til etter at reguleringsplanen for Lonaneset er vedteken.

Avrøysting

Framlegg frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 65/2024 Revisjon av handlingsdelen til Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025:

Formannskapet sender saka tilbake.

Prioritering av ei evt. miljøgate vil me koma attende til etter at reguleringsplanen for Lonaneset er vedteken.

PS 66/24 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføremål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 66/2024 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføremål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gårdnr 13/bruksnr 213 blir sett av til bustadformål knytt til personar med behov for varige helse og omsorgstenester

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 66/2024 Gårdsnr 13 bruksnr 213 avsettes til bustadføre mål for personar med langvarige helse og omsorgstenestebehov:

Gårdsnr 13/bruksnr 213 blir sett av til bustadformål knytt til personar med behov for varige helse og omsorgstenester.

PS 67/24 Søknad om kjøp av tomt

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 67/2024 Søknad om kjøp av tomt:

Kommunedirektørens framlegg:

Heradsstyret vedtek å selje del av kommunal grunn til Bergen Økologiske Landsby. Aktuelt areal er synt på vedlagt skisse. Kommunedirektøren får mynde til å forhandle fram vilkår for sal og gjennomføre salet.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg.

Røysta for: 2 SP, 2 AP, 1 H

Røysta mot: 2 FRP

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 67/2024 Søknad om kjøp av tomt:

Heradsstyret vedtek å selje del av kommunal grunn til Bergen Økologiske Landsby. Aktuelt areal er synt på vedlagt skisse. Kommunedirektøren får mynde til å forhandle fram vilkår for sal og gjennomføre salet.

PS 68/24 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 68/2024 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune tilbyr avtale om økonomisk samarbeid etter Rammeavtalen ASA 4310 – 8.2 med legane på Valestrand legekantor.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt fremlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 68/2024 Endring av fastlegeavtalar ved Valestrand legekantor:

Osterøy kommune tilbyr avtale om økonomisk samarbeid etter Rammeavtalen ASA 4310 – 8.2 med legane på Valestrand legekantor.

PS 69/24 Svar på høyring om "Samlingssentrum"

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 69/2024 Svar på høyring om "Samlingssentrum":

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune sender følgjande høyringssvar til Vestland fylke:

Osterøy kommune følgjer tilrådinga i punkt 8.6, i «Fullt hus!», som seier at Vestland fylke står som byggherre og eigar av det nye fellesmagasinet, etter same modell som det eksisterande anlegget i Salhus. Dette betyr at det blir ein driftsavtale av samlingssentrumet der MuHo vil drifte, men eigarskapet er fylket sitt. Fordelen er at det vil sikre alle museum ein stabil drift, og som alle museum òg «eig» ein like stor del av.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 69/2024 Svar på høyring om "Samlingssentrum":

Osterøy kommune sender følgjande høyringssvar til Vestland fylke:

Osterøy kommune følgjer tilrådinga i punkt 8.6, i «Fullt hus!», som seier at Vestland fylke står som byggherre og eigar av det nye fellesmagasinet, etter same modell som det eksisterande anlegget i Salhus. Dette betyr at det blir ein driftsavtale av samlingssentrumet der MuHo vil drifte, men eigarskapet er fylket sitt. Fordelen er at det vil sikre alle museum ein stabil drift, og som alle museum òg «eig» ein like stor del av.

PS 70/24 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 70/2024 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Revisjon av eigarskapsmelding for perioden 2024-2028 vert vedteke slik den ligg føre i vedlegg nr.1 til saka.

Ordførar sette fram slikt tillegg framlegg:

Tekst om Sakslivegen vert redigert

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Ordførar sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 70/2024 Eigarskapsmelding for perioden 2024-2028:

Revisjon av eigarskapsmelding for perioden 2024-2028 vert vedteke slik den ligg føre i vedlegg nr. 1 til saka.

Tekst om Sakslivegen vert redigert

PS 71/24 Delegering av mynde etter rettspleielovene

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 71/2024 Delegering av mynde etter rettspleielovene:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

§ 2-13 Bruk av forliksråd og namsmynde

Kommunedirektøren har innafor følgjande område mynde til å:

- Ta ut forliksklage etter tvistelova kap. 6.
- For saker med tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdingslova:
 - Følge opp saker for inndrivning eller tvangsgjennomføring av namsmyndet.
- For saker i forliksrådet og namsmyndet:
 - Peike ut representant etter tvistelova §2-3.
- Engasjere prosessfullmektig etter tvistelova kap. 3

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 71/2024 Delegering av mynde etter rettspleielovene:

Heradsstyret vedtek følgjande nye punkt til Reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til kommunedirektør:

§ 2-13 Bruk av forliksråd og namsmynde

Kommunedirektøren har innafor følgjande område mynde til å:

- Ta ut forliksklage etter tvistelova kap. 6.
- For saker med tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdingslova:
 - Følge opp saker for inndrivning eller tvangsgjennomføring av namsmyndet.
- For saker i forliksrådet og namsmyndet:
 - Peike ut representant etter tvistelova §2-3.
 - Engasjere prosessfullmektig etter tvistelova kap. 3.

PS 72/24 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 72/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Kim Andre Hartveit (FRP) meldte sak til slutten av møtet angående Tysse skule: Deler av bygningen har rast saman.

Kommunesjef Samfunnsutvikling og kommunalteknikk svarar: Kommunen har over lengre tid hatt eit ønskje om å rive skulebygget, men har endå ikkje klart å finne budsjettmidlar til dette. Nyleg rasta eit tilbygg delvis saman, og dette er no fjerna heil slik at det skal vera trygt i området. Sjølv hovudbygget er intakt, men planen er å få det rive. Kommunen arbeider vidare med saka med sikte på å finne ei løysning.

Vedtak i Formannskapet - 30.10.2024 av sak 72/2024 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vart ikkje fatta noko vedtak i saka.